



RADØY KOMMUNE  
Radøyvegen 1690  
5936 MANGER

Dato: 11.11.2019  
Vår ref.: 2019/18313-4  
Saksbehandlar: sigwols  
Dykkar ref.: 19/2013

Att. Andreas Granli

## **Kulturminnefagleg fråsegn - landbruksveg - Tjore nedre – gnr. 79, bnr. 5 - Radøy kommune**

Vi viser til Dykkar brev av 22.10.2019 med vedlegg og tilleggsinformasjon med kart der tiltaka er vist, mottatt 29.10.2019. Saka gjeld bygging av landbruksveg, masseuttak og oppstillingsplass for landbruksutstyr på Tjore nedre i Radøy kommune. Hordaland fylkeskommune har vurdert saka som regional sektorstyresmakt innan kulturminnevern.

Vi har i dag ikkje kjennskap til automatisk freda kulturminne eller andre verneverdige kulturminne som kjem i konflikt med dei ulike tiltaka. Like sør for tiltaka er det registrert ein steinalderlokalitet med Askeladden id. 170554. Det er tidlegare gjennomført ei arkeologisk registrering i området, vi ser difor undersøkingsplikta, jf. kulturminnelova § 9 for oppfylt. Vi har difor ingen avgjerande merknader i saka, utover at ein under opparbeiding av feltet søker å unngå inngrep i/skade på eventuelle kulturlandskapstrekk som steingardar, eldre vegar/stiar, bakkemurar, tufter m.m.

Elles gjer vi merksam på meldeplikta etter kulturminnelova § 8, 2. ledd. Dersom automatisk freda kulturminne som gjenstandsfunn, flekkar med trekol eller konstruksjonar blir avdekt under gjennomføring av tiltaket, må dette straks meldast til Hordaland fylkeskommune, og alt arbeid stansast til rette forvaltningstyresmakt har vurdert funnet. Slik gransking vil verta utført mindre enn tre dagar etter at vi har fått melding om mogelege funn.

David J. Aasen Sandved  
kst. fylkeskonservator

Sigrun Wølsted  
spesialrådgjevar

*Brevet er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.*